



FJELLNETTVERKET

ÅRSRAPPORT 2021



FJELLNETTVERKET

VISJON

Levande og livskraftige fjellbygder

FORMÅL

Fjellnettverket er eit politisk nettverk, som skal vere pådrivar for ein politikk som sikrar at ressursar og verdiar i fjellområda gir grunnlag for utvikling og trivsel i fjellområda i Noreg.

STRATEGIAR

Fjellnettverket skal vere ein aktiv deltakar og leverandør i regional- og nasjonalpolitiske diskusjonar

Fjellnettverket skal formidle kunnskap om fjellområda

Fjellnettverket skal delta aktivt i internasjonalt samarbeid.

Fjellnettverket kan iverksette eigne prosjekt og tiltak



FJELLNETTVERKET

Styreleiar har ordet



Eg vil rette ein stor takk til alle som på ulike måtar har gitt viktige bidrag til Fjellnettverket sitt arbeid i 2021. I denne meldinga kan de lesa om kva som er gjort i Fjellnettverket i året som har gått.

Styret har på ulike måtar engasjert seg i spørsmål som vi meiner er viktige for utvikling av ein god «fjellpolitikk». Administrasjonen har lagt ned ein stor innsats, med god tilrettelegging og

oppfølging.

Vi legg nå to år med pandemi bak oss. Nå møter vi nye utfordringar: Krigen i Europa vil i mange år prege nasjonale og internasjonale forhold. Og klimaendringane er større og meir alvorlege nå enn dei var før pandemien. Vi ser at ressursane i fjellområda vil vera svært viktige også i åra som kjem.

I vanskelege tider er det viktig å ha høge mål og å arbeide godt for å nå dei. Vi i Fjellnettverket må sikte høgt, og vi må vera gode skyttarar. Olav H. Hauge seier det slik:

Eg siktar litt yver

Ei pil som skal råka, kan ikkje gjera mange krokar. Men ein god skyttar reknar med fråstanden og vinden. So når eg siktar på deg, siktar eg litt yver.



MEDLEMMAR

Fjellnettverket hadde desse medlemmane i 2021:

Fylkeskommunar:

- Viken fylkeskommune
- Innlandet fylkeskommune
- Trøndelag fylkeskommune
- Vestfold og Telemark fylkeskommune

Regionråd:

- Regionrådet for Fjellregionen
- Midt-Gudbrandsdal regionråd
- Regionrådet Nord-Gudbrandsdal
- Lillehammer-regionen
- Regionrådet i Hallingdal
- Setesdal Regionråd
- Valdres Natur- og Kulturpark
- Vest-Telemarkrådet

Kommunar:

- Krødsherad kommune
- Nore og Uvdal kommune
- Rollag kommune
- Tinn kommune
- Vinje kommune
- Sigdal kommune



RÅDET

Rådet er Fjellnettverkets øvste organ. Det er medlemmane som oppnemner representantar med personlege vararepresentantar til rådet. Funksjonstida er fire år. Oversikta viser rådet ved utgangen av 2020.

Fylkeskommunar

Innlandet fylkeskommune: Aud Hove (Sp) og Hanne Velure (H)
Trøndelag fylkeskommune: Tone Våg (A) og Ingvill Dalsegg (H)
Vestfold og Telemark fylkeskommune: Terje Riis-Johansen (Sp) og Lina Bringsli (KrF)
Viken fylkeskommune: Olav Skinnes (Sp) og Anne Beathe Tvinnereim (Sp)

Regionråd

Lillehammerregionen: Jon Halvor Midtmageli (Sp) og Anne Synnøve Østensen (Ap)
Regionrådet for Fjellregionen: Linda Døsen Stubbsveen(Ap) og Kristin Langtjern (Ap)
Midt-Gudbrandsdal regionråd: Arne Fossmo (Ap) og Ole Tvette Muriteigen (Sp)
Regionrådet Nord-Gudbrandsdal: Bjarne Eiolf Holø (Sp)
Regionrådet i Hallingdal: Heidi Granli (Ap) og Pål Rørby (Sp)
Setesdal Regionråd: Inger Lise Lund Stulien (Ap) og Jon Rolf Næss (Ap)
Valdres Natur- og Kulturpark: Odd Erik Holden (Sp) og Haldor Ødegård (Sp)
Vest-Telemarkrådet: Jarand Felland (Sp) og Halvor Homme (Ap)

Kommunar

Nore og Uvdal kommune: Jan Gaute Bjerke (Ap)
Krødsherad kommune: Knut Martin Glesne (Tverrpolitisk Bygdeliste)
Tinn kommune: Steinar Bergsland (H)
Rollag kommune: Viel Jaren Heitmann (Sp)
Vinje kommune: Nils Johan Svalastog Garnes (Sv)
Røros kommune: Christian Elgaaen (SV)
Sigdal kommune: ikkje oppnemnt.



FJELLNETTVERKET

STYRET I FJELLNETTVERKET

I styret er det ein representant frå kvar fylkeskommune og fire representantar frå kommunane/regionråda. Styreleiar og nestleiar blir valde for ein periode på to år. Styret i Fjellnettverket har hatt fem styremøte, eitt styreseminar og handsama 52 saker.



Styreleiar: Olav Røssum (Sp)
Innlandet fylkeskommune



Nestleiar: Inger Lise Lund Stulien (Ap)
Setesdal regionråd



Olav Skinnnes (Sp)
Viken fylkeskommune



Solveig Vestenfor (Ap)
Regionrådet for Hallingdal



FJELLNETTVERKET



Per Asbjørn Andvik (Sp)
Vestfold og Telemark fylkeskommune



Odd Erik Holden (Sp)
Valdres Natur- og Kulturpark



Christian Elgaaen (Sv)
Røros kommune



Marit Bjerås (Ap)
Trøndelag fylkeskommune


VARAMEDLEMMER TIL STYRET

Varamedlemmer til styret i prioritert rekkefølge:

1. Hanne Velure (H), Innlandet fylkeskommune
2. Lina Bringsli (KrF), Vestfold og Telemark fylkeskommune
3. Bjarne Eiolf Holø (Sp), Regionrådet Nord-Gudbrandsdal
4. Guri Heggem (Sp), Trøndelag fylkeskommune
5. Trond Kjetil Jore (Ap), Tinn kommune
6. Liv Margit Karto (H), Vestfold og Telemark fylkeskommune



FJELLNETTVERKET





SEKRETARIAT

Sekretariatet i Fjellnettverket har kontor på Reiselivssenteret på Geilo. I 2020 har Fjellnettverket hatt to tilsette:

Dagleg leiar Kari Randen

Elin Halland Simensen, prosjektleiar for mat og reiseliv

Viken fylkeskommune har det administrative ansvaret, og bidreg med tenester som rekneskapsføring, IKT, nettløysingar. Dei tilsette er knytt til avdeling for distrikt og næringsutvikling i Viken fylkeskommune.

ADMINISTRATIV GRUPPE

Alle medlemmene i Fjellnettverket har ein administrativ representant som arbeider med saker og innstillingar som leggjast fram for styret. Dei administrative kontaktane har ansvaret for å formidle aktuelle saker frå Fjellnettverket inn i sin organisasjon.

- Viken fylkeskommune: Kjersti Morseth Hallerud
- Innlandet fylkeskommune: Torunn Kornstad
- Vestfold og Telemark fylkeskommune: Karl-Otto Mauland
- Trøndelag fylkeskommune: Turid Helene Vollmo
- Fjellregionen (Nord-Østerdal): Rune Jørgensen
- Regionrådet i Hallingdal: Jan Olav Helling
- Regionrådet Nord-Gudbrandsdal: Frode Damstuen
- Midt-Gudbrandsdal regionråd: Irene Teige Killi
- Vest-Telemarkrådet: Anne Aasmundtveit
- Valdres Natur- og Kulturpark: Jørand Ødegård Lunde
- Setesdal Regionråd: Rita Hansen
- Lillehammer-regionen: Henning Holmbakken
- Krødsherad kommune: Ellen Anne Svartbrenna Bye
- Rollag kommune: ikkje oppnemnt
- Tinn kommune: Jenny Fossum Grønn
- Vinje kommune: Thor Christiansen
- Nore og Uvdal kommune: Målfrid Toeneiet
- Sigdal kommune: ikkje oppnemnt
- Røros kommune: Mikael Schärer



FJELLNETTVERKET SKAL VERE EIN

AKTIV DELTAKAR OG LEVERANDØR I REGIONAL- OG NASJONALPOLITISKE DISKUSJONAR

Fjellnettverket har engasjert seg i saker som er viktige for fjellområda og medlemmane i regional og nasjonal politikk. I løpet av året har Fjellnettverket arbeidd med ulike saker for å fremje fjellområda sine interesser.

I desember la Demografiutvalet ved Victor Normann la fram meldinga *NOU 2020:15 Det handler om Norge*. Dei meinte at det er viktig for Noreg at det er busetting i distrikta og at det vil krevje aktiv innsats av kommunar og staten. Utvalet tok til orde for eit breitt spekter av tiltak, mellom anna innanfor samferdsel, helsetenester utdanning og i bustadmarknaden.

I høyringssvaret støtta Fjellnettverket utvalet i at det er eit stort behov for politisk nytenking for å sikre framtida for distrikta. Fjellnettverket meinte at utvalet var for lite offensive i målsetninga og at ambisjonane i distriktpolitikken bør vere å auke talet på innbyggjarar. Fjellnettverket la i sitt høyringssvar vekt på at statleg politikk bør legge til rette for og støtte gode liv i distrikta. Fjellnettverket støtta utvalet i at omsynet til distrikta må vektleggast sterkare i omstillingsprosessar. Skal ein i framtida ha levande og livskraftige bygder, er det nødvendig med ein politikk som legg til rette for og byggjer oppunder arbeidet kommunane gjer for å styrke distrikta, skreiv Fjellnettverket i høyringssvaret

[Høyringssvar frå Fjellnettverket til NOU 2020:15 Det handler om Norge.](#)

Næringsstrategi i fjell og innland

Som ei oppfølging av distriktsnæringsutvalet, demografiutvalet og ungdomens distriktspanel, arbeidde regjeringa med ein næringsstrategi for fjellområda. I samarbeid med Kommunal- og Moderniseringsdepartementet arrangerte Fjellnettverket eit frukostseminar med tema næringsutvikling i fjell, der departementet og distriktsminister Linde Hofstad Helleland fekk innspel frå næringslivet i fjellområda og frå Fjellnettverket.

Dagleg leiar kom med Fjellnettverkets innspel i arbeidsverkstad som Distriktsenteret og kommunal og Moderniseringsdepartementet arrangerte.



Fjellnettverket sendte i tillegg inn skriftleg innspel til strategien. Der meinte Fjellnettverket at me kan snu sentraliseringa og få til ei positiv, berekraftig utvikling som styrkjer næringslivet, sikrar busetting og gode liv i distrikta. Men for å få til dette trengs ein offensiv nærings- og distriktspolitikk der fleire ulike verkemiddel blir teke i bruk. Med målretta og samordna politikk og tiltak vil me sikre vekst og busetting og bidra til det grøne skiftet i heile Noreg. Innspel til strategien: Derfor bør det i større grad satsast på næringsutvikling og tiltak som gjer det attraktivt å flytte til fjellområda.

Styret i Fjellnettverket meinte at satsinga må ta utgangspunkt i at framtidig næringsutvikling av fjellområda er avhengig av ei rekke ulike faktorar og politikkområde, som:

- Rammevilkåra til kommunane, slik at dei kan yte gode tenester til innbygarane sine.
- Rammevilkåra til fylkeskommunane og Innovasjon Noreg, slik at dei har effektive verkemiddel for å styrke næringslivet i distrikta.
- Ein landbrukspolitikk som tek utgangspunkt i dei spesielle vilkåra for matproduksjon i fjellområda.

[Innspel frå Fjellnettverket til arbeid med næringsstrategi](#)

Innspel til regjeringsforhandlingane

I samband med regjeringsforhandlingane arbeidde styret i Fjellnettverket aktivt opp mot dei tre partia i forhandlingane. Både gjennom direkte kontakt og meir formelle innspel til dei ulike partane. I arbeidet vart det fokusert på at det er behov for å styrke inntektene i jordbruket og spesielt for små og mellomstore bruk.

For fjellbygdene og distrikta er det heilt nødvendig at jordbruket blir styrka og at dei gardsbruka som framleis er i drift kan utvikle seg vidare, heitte det i innspelet frå Fjellnettverket.

[Innspel frå Fjellnettverket til regjeringsforhandlingane](#)



Endringar i plan og bygningsloven

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sendte ut på høyring forslag til endringar i plan og bygningsloven. I samarbeid med Bykle kommune skreiv Fjellnettverket eit høyringssvar. Fjellnettverket meinte forslaget til ny plan og bygningslov frå Kommunal og moderniseringsdepartementet ikkje tok omsyn til situasjonen i fjellområda. Fjellnettverket ba departementet om å supplere forslaget med ordningar og regelverk som er betre eigna for fjellkommunar. Fjellnettverket foreslo at forslaget utvidast slik at ein sikrar at det nye regelverket er relevant både for bygd og by.

[Høyringssvar frå Fjellnettverket: Alminnelig høring av forslag til endringer i plan- og bygningsloven \(fortetting, transformasjon og utbyggingsavtaler mv\)](#)

Festeavgifter statsskog

Statsskog har ansvaret for festetomter til næringsverksemd og i 2021 var det debatt om fastsetting av festetomtavgifta for reiselivsnæringa i statsallmenningane. Festeavgifta frå Statsskog har konsumprisauke kvart år, samt retakstering kvart tiande år. Verksemdar i fjellområda meiner retakseringa til Statsskog blir basert på urealistisk og uriktig marknadsverdi. Styret i Fjellnettverket sendte brev til landbruks- og matdepartementet om saka der dei meinte at forvaltning av statsallmenningane er viktig for både innbyggjarane og næringslivet i fjellområda. Styret meinte at for høge festetomtavgifter får negative konsekvensar for næringsverksemd i fjellområda òg kan vere til hinder for nyetablering. På vegne av styret ba Fjellnettverket om at regjeringa ferdigstilte arbeidet med ny fjellov og at departementet vurderer korleis Statsskog forvaltar festeavgifter for reiselivsnæringa i statsallmenningane.

[Brev til Landbruks- og matdepartementet om ny fjellov og forvaltning av statsskog](#)

Norsk senter for fjellandbruk

I 2015 vart forskingsstasjonen og NIBIO si verksemd ved Løken gård i Øystre Slidre kommune nedlagt. Garden har vore ein statleg forskingsstasjon for fjellbygdene sidan 1922, og ein base for koordinering av forskning særleg på engvekster og grovfôrressursar, beitebruk og biologisk mangfald i stølsområda.



FJELLNETTVERKET



Med dette som bakgrunn gjennomførte Norges Vel et forprosjekt i 2019 og 2020, på oppdrag frå Øystre Slidre kommune. Fjellnettverket deltok i dette forprosjektet med erfaringar og statistikk. Forprosjektet inkluderte en omfattande kartlegging som avdekket eit stort behov og ønske frå eit breitt spekter av interessantar i fjellregionen om ein satsing på fjellandbruket. Resultatet av kartlegginga viste at ei nasjonal eining vil kunne bidra til å nytte ressursar og moglegheiter som finnes på tvers i fjellregionen. Eit senter for fjellandbruk i form av eit nettverk kan vere eit verktøy for å oppnå ei slik



utvikling. Norges Vel og Øystre Slidre gjekk derfor vidare med å initiere ei etableringsfase for eit nasjonalt senter for fjellandbruk.

Dagleg leiar i Fjellnettverket har bidrege inn i arbeidet gjennom deltaking i styringsgruppa. Denne gruppa skal førebu etableringa av eit nasjonalt senter for fjellandbruk. Styringsgruppa skal levere ei anbefaling om organisering, funksjon og oppgåver for eit senter til prosjekteigar Øystre Slidre kommune.

Norsk seterkultur på Unescos verdsarvliste

I dag er det under 900 aktive setre i drift og dei fleste av desse høyrer heime i fjellområda. Fjellnettverket ynskjer å bidra til å styrke seterdrifta.

Norsk seterkultur har satt i gang eit arbeid med å få seterkultur inn på UNESCO-lista for immateriell kulturarv. Det er utarbeidd ein prosjektplan for prosjektet som har fått tittelen *En bærekraftig norsk seterkultur – på UNESCOs representative liste for immateriell kulturarv*. Fjellnettverket bidreg inn i arbeidet som deltakar i ressursgruppa.

Fjellpolitikk

Styret i Fjellnettverket har arbeidd med ei oppsummering av fjellpolitikk – for levande og livskraftige bygder. Dokumentet skal oppsummere overordna perspektiv på fjellområda og fjellpolitikk. Det vart vedteke på rådsmøtet i 2021 og er no ferdigstilt og dannar grunnlag for vidare arbeid.



FJELLNETTVERKET

FJELLNETTVERKET SKAL

FORMIDLE KUNNSKAP OM FJELLOMRÅDA

Kunnskap om utfordringar og mogelegheiter i fjellbygdene er grunnlaget for god politikk. I tett samarbeid med fagmiljø og andre organisasjonar skal Fjellnettverket bidra til økt kjennskap om utviklinga i fjellbygdene.

Fjellindeksen

I samarbeid med Fjell-Forsk-Nett vart det i 2017 starta eit utviklingsarbeid for å lage ein felles indeks for fjellkommunane. Målet er at fjellindeksen skal gje eit grunnlag for vidare kunnskapsutvikling i fjellområda og gje kunnskap som kan vere grunnlag for politikk. I 2020 vart indeksen digital, og i 2021 vart den oppdatert fleire gonger med nye tal. Indeksen er tilgjengeleg for medlemmene på

www.regionalanalyse.no/fjell



Indeksen brukar tilgjengelege data og samanstillar desse for fjellkommunane samla og enkeltvis. Fjellindeksen viser mellom anna næringsutvikling, sysselsetting og befolkningsutvikling i fjellområda.



Fjellindeksen er utvikla av Telemarksforskning og vil bli oppdatert med nye tal i løpet av året.

Konferansar og fagdagar

28. januar arrangerte Fjellnettverket frukostseminar med tema berekraftig næringsutvikling i fjellet. Bakgrunnen var arbeidet med ny strategi for næringsutvikling i innlandet/fjell som er i gang i Kommunal og moderniseringsdepartementet. Innleiarar på seminar var Linda Hofstad Helleland, Ingrid Gardseth, Bård Klungseth, Eirik Høyme Rogn, Olav Veum og Kari Randen. Olav Røssum oppsummerte seminaret. Det var svært stor interesse for å delta på seminaret og det var 243 påmeldte. I gjennomføringa var det tekniske utfordringar i starten av møtet, og leverandøren Destinasjon Drammen har orsaka dette. Dei har spelt inn delar av seminaret på nytt og opptak av seminaret blir sendt ut til deltakarane. Fjellnettverket har fått positive tilbakemeldingar på programmet og innspela som kom i etterkant av seminaret.



Erfaringar frå samarbeid i Fjellnettverket var hovudssak på konferansen «Challenging Upland futures» i Skottland. Konferansen var eit ledd i 20 års jubileum for Center for mountain studies ved University of the Highlands and Islands. Det var ein møteplass for ulike interessegrupper og forskarar og målsettinga var å finne felles grunnlag for



FJELLNETTVERKET

samarbeid. Fjellnettverket sine arbeidsmåtar, samarbeid og strategi vart presentert og drøfta av deltakarane på konferansen.

23. november: Har korona endra framtida for fjellområda?

Digitalt frukostseminar der Knut Vareide la fram oppdaterte tal frå Fjellindeksen, Torbjørn Wekre snakka om pandemien og distriktskommunane. Det var i tillegg innleiingar frå Pål Rørby frå Hemsdal kommune og Ida Norland Hillestad frå Innovangsjon.

Dagleg leiar og styreleiar har delteke som gjester på jubileumslandsmøtet til Utmarkskommunenenes samanslutning.

Mat og reiseliv i fjellet – Kva no? 26. august 2021.


Tema var framtida for reiselivet i fjellområda. Tuva Thorson frå Langedrag Naturpark, Hans Brimi frå Brimi seter og Sondre Aasan frå Kråkerøe- staulen/ Flatdal Meieri delte erfaringar frå sommarsesongen og kva som var deira tankar om framtida for reiseliv og matproduksjon i fjellet. Knut Fossgaard frå Viken fylkeskommune og tidlegare forskar på NMBU, kom med sine tankar om framtida for reiselivet i fjellområda. Prosjektleiar Elin orienterte om Fjellnettverket sitt arbeid med prosjektet mat og opplevingar i fjellet.





FJELLNETTVERKET

Kva skal til for å få til auka sal av lokalmat, var tema på eit digitalt seminar. Undersøkingar visar at nordmenn er meir opptekne av å ete norsk mat, ynskjer å kjenne til kvar maten kjem i frå og korleis den er produsert. På seminaret 14 oktober fekk me høyre korleis Landsverk Gard, Garden Oppheim og Annis Pølsemakeri har lukkast med å selje produkta sine og deira tips for å auke salet. Nina Sundqvist frå stiftelsen Norsk Mat delte tankar om framtida for lokalmat også etter koronaen. Pål Knutsson Medhus frå Høve Støtt og Ostebygda ga deltakarane gode tips og råd om korleis dei skal bli endå betre i å selje produkta sine.



Rådsmøte i Fjellnettverket vart gjennomført digitalt i 2021. På grunn av korona vart Fjellkonferansen og planlagt ungdomskonferanse utsett.



FJELLNETTVERKET

FJELLNETTVERKET SKAL

DELTA AKTIVT I INTERNASJONALT SAMARBEID

Fjellnettverket samarbeider med Euromontana. Målet med samarbeidet er å påverke politikk som i stadig aukande grad blir utvikla på dei internasjonale arenaene.

Gjennom samarbeid med den europeiske organisasjonen Euromontana har Fjellnettverket eit breitt samarbeid ut mot Europa. Fjellnettverket koordinerer fellessaker, og har kontakt med styremedlemmene i Euromontana og dei administrative følgjerepresentantane. Dei norske styremedlemmene i Euromontana har observatørstatus i styremøta i Fjellnettverket. Dette for å sikre god kontinuitet og samanheng i arbeidet mellom Fjellnettverket og Euromontana.

I Euromontana er det fokusert på å representere fjellsamfunn gjennom regelmessig kontakt med europeiske institusjonar, regjeringar og tverrnasjonale organisasjonar som forvaltar av fjellområdene.



FJELLNETTVERKET KAN SETJE I VERK

EIGNE PROSJEKT OG TILTAK

Mat og opplevingar i fjellet

Prosjektet "Mat og opplevingar i fjellet" er ei langsiktig og heilskapleg satsing for å styrke fjellområda som mat- og reiselivsregion.

Fjellnettverket har sett i gang prosjektet av to grunnar: For det første at kartlegging av utviklinga og næringsgrunnlaget i fjellområda gir grunn til stor uro. For det andre, erfaringar og innspel frå verksemdar og samarbeidspartnarar som deltok i arbeidet med Grüne Woche i 2018 og 2019.

Arbeidet er delt inn i fleire ulike delprosjekt og i 2021 er det arbeidd med desse tre delprosjekta:

- Fjellkraft: som handlar om å få til ein meir berekraftig bruk av fjellressursane som grunnlag for utvikling av fjellområda.
- Fjellmat og fjelltur: som handlar om å auke nyskapinga og verdiskapinga for verksemdene.
- Fjellheim: som handlar om å gjere det lovleg å tilby matservering frå private hushald.

Delprosjekt Fjellkraft:

Det langsiktige målet for arbeidet er ein meir berekraftig bruk av fjellressursane som grunnlag for utvikling og auka konkurransekraft i fjellområda.

Reiselivet og landbruket i fjellområda bygger på bruk av natur og dei ressursane som er tilgjengelege i fjellet. Utfordringa for mange av dei som driv næringsutvikling i fjellområda, er at deira produksjonsmåtar og bruk ikkje kjem fram eller er godt nok kartlagt.

Resultatmålet for delprosjektet er å utarbeide ein rapport som særleg ser på matproduksjon og reiseliv i fjellområda opp mot berekraft og klima. Rapporten skal brukast som grunnlag for påverkinsarbeid for ein politikk som fremjar berekraftig utvikling av fjellområda og for å påverke næringslivet i fjellområda til omlegging til meir berekraftig produksjon. God kunnskap om korleis produksjon og aktivitetar påverkar miljøet vil styrke verksemdene i møte med forbrukarar og auke konkurransekrafta til fjellområda.



Det er det utlyst anbodskonkurranse for å hente inn kompetansemiljø til å lage rapporten. Innkjøpsavdelinga i Viken fylkeskommune har støtta prosjektleiinga i arbeidet med anbodsdokumenta og gjennomføringa av konkurransen. Innhald og problemstillingar i rapporten er kvalitetssikra av ei referansegruppe, bestående av ressurspersonar frå fylkeskommunane og statsforvaltarane.

I referansegruppa:

- Jorunn Stubsjøen, Statsforvaltaren i Innlandet
- Guri Bugge, Viken fylkeskommune
- Knut Fossgard, Viken fylkeskommune
- Everdien van Weeghel, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Nibio (Norsk institutt for bioøkonomi) er valt som forskingsmiljø som skal lage rapporten som om reiseliv og matproduksjon i fjellet opp mot berekraft / klima. Rapporten skal vere klar til august 2022.





Delprosjekt Fjellmat og fjelltur

Arbeidet med delprosjektet skal byggje på rapporten som blir utarbeida i Fjellkraft-prosjektet og målet er å utvikle nye opplevingar og matprodukt som er baserte på fjellressursar. Det skal arbeidast med produsentar av lokalmat og opplevingar, og verksemder frå fylka Innlandet, Viken og Vestfold og Telemark som har vore med til Internationale Grüne Woche (IGW) er inviterte med. I tillegg er det opna opp for å ha med nye verksemder frå desse områda.

Sentralt i delprosjektet er arbeidet med å legge til rette for det som prosjektet kallar for rasteplassar. Rasteplassane er møteplassar, læringsarenaer og kompetansedelingsarenaer der deltakarane møtast på tvers av fylkesgrenser og bransjar. Ynsket er at rasteplassane skal bidra til å utvikle tillit mellom dei ulike aktørane, noko som er avgjerande for verdiskaping. Rasteplassane kan ha ulike former, slik som arbeidsverkstader, studiereiser, kurs, dialogkonferansar og ordinære konferansar.

Det var lagt opp til fleire fysiske samlingar og arbeidsverkstadar i løpet av det fyrste prosjektåret. Kovid-19 gjorde gjennomføringa vanskeleg og dei planlagde aktivitetane måtte utsettast til våren 2022.

Som alternativ til andre aktivitetar har prosjektet arrangert to digitale seminar. (Desse er nærmare omtalte under kapittelet konferansar og fagdagar). Det fyste webinaret var retta spesielt mot reiselivsprodusentane og deira erfaringar etter to sommarsesongar prega av korona. Det andre retta seg meir mot lokalmatprodusentar og gode tips om sal og kva som skal til for å auke salet.

Det vart lagt vekt på at webinarar skulle ha eit variert program der produsentane delte erfaringar, i tillegg faglege innlegg og informasjon om prosjektet.

Webinarar vart annonsert på Facebook og Instagram og var opent for alle. Verksemdene som har vore med til Internationale Grüne Woche (IGW), kontaktpersonar i fylkeskommunane og statsforvaltarane, medlemmer frå styringsgrupper, arbeidsgrupper og ressursgrupper frå prosjektet og arbeidet med IGW vart invitert spesielt.

Delprosjekt Fjellheim

Det langsiktige målet for delprosjektet handlar om å gjere det mogeleg å tilby matservering frå private hushald og at dette kan skje på ein så lite byråkratisk måte som mogeleg.

Forsking og undersøkingar gjort av Innovasjon Noreg og andre viser at stadig fleire reisande ynskjer seg spesielle opplevingar knytt til mat, kultur og servering. I



fjellområda er det stor tilstrøyming av turistar i periodar, men det er ikkje økonomisk lønsamt eller berekraftig å starte opp spisestadar som har opent heile året. Konseptet med heimeservering er ei ordning som finst på Færøyane og prosjektet ynskjer å sjå nærare på om dette er ei løysing som bidreg til berekraftig utvikling og tettare samanbinding mellom reiseliv og landbruk i fjellet.

Konseptet går ut på at gardsbruk kan starte matservering frå eige kjøken og at maten som serverast er basert på eigen eller lokal produksjon.

I tråd med prosjektbeskrivinga er det gjort ei kartlegging av ulike ordningar, for å sjå nærare på om dette kan vere ei ordning som kan passe for gardsbruk i fjellområda i Noreg. Prosjektet har mellom anna sjekka ut ordningane som finst på Færøyane, i Romania og lokale prosjektet i Noreg som har prøvd ut ordninga i liten skala.

I Noreg er det i dag mogeleg å få dette til, men det opplevast som krevjande å kome i gang. For å sjå nærare på korleis ein kan hjelpe verksemdene med å starte er det inngått samarbeid med kompetansenettverket for Lokalmat og Nofima.

Samarbeid og forankring

Samarbeidsområdet for prosjektet er stort, det er mange aktørar og det er skilnader mellom områda. Prosjektet bygger på modellen om lærande nettverk, og tanken er at erfaringar og kunnskap frå verksemdar og andre aktørar blir delt med andre i nettverket og bidreg til innovasjon og nyskaping.

For å styrke samarbeidet og kommunikasjonen mellom prosjektet og samarbeidspartnarane har prosjektet invitert til jamlege samarbeidsmøte med fylkeskommunane og statsforvaltarane. Det er så langt gjennomført to møter med statsforvaltarane og tre møter med fylkeskommunane. I løpet av hausten vart det oppretta ei matfagleg ressursgruppe, der matkontaktane hjå statsforvaltaren og prosjektleiinga møtest.

Deltakarpersonar frå fylkeskommunane:

- Karl-Otto Mauland, Vestfold og Telemark fylkeskommune
- Trond Carlson, Innlandet fylkeskommune
- Torunn H. Kornstad, Innlandet fylkeskommune
- Liv Wilson, Innlandet fylkeskommune
- Knut Fossgard, Viken fylkeskommune
- Janne Buhaug, Viken fylkeskommune

Deltakarpersonar frå statsforvaltarane:

- Gunn Mari Strømeng, Statsforvaltaren i Oslo og Viken
- Kjersti Grøndahl, Statsforvaltaren i Oslo og Viken
- Marit Surlien Hoen, Statsforvaltaren i Oslo og Viken
- Ivar Lorentzen, Statsforvaltaren i Innlandet
- Guri Grønolen, Statsforvaltaren i Innlandet



- Jorun Stubsjøen, Statsforvaltaren i Innlandet
- Turid Windjusveen Olsen, Statsforvaltaren i Innlandet
- Kari Mette Holm, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Liv Gystad, Statsforvaltaren i Trøndelag
- Kari Kolle, Statsforvaltaren i Trøndelag

Matfagleg ressursgruppe:

- Guri Grønolen, Statsforvaltaren i Innlandet
- Kjersti Grøndahl, Statsforvaltaren i Oslo og Viken
- Kari Mette Holm, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Styringsgruppe for prosjektet:

- Olav Røssum, styreleiar Fjellnettverket
- Karl - Otto Mauland, rådgjevar næring, innovasjon og kompetanse Vestfold og Telemark fylkeskommune
- Nina Glomsrud Saxrud, landbruksdirektør Oslo og Viken
- Anniken Fægri Damm-Larsen, direktør Innovasjon Norge, Telemark og Vestfold
- Eirik Høyme Rogn, dagleg leiar i Mountains of Norway
- Nina Mosseby, seniorrådgjevar Landbruks- og mat departementet
- Maren Solvang Johnsen, Søberg Gard

Prosjektleiing:

- Kari Randen, dagleg leiar Fjellnettverket, prosjektansvarleg
- Elin Halland Simensen, Fjellnettverket, prosjektleiar

www.fjellnettverket.no



FJELLNETTVERKET